


HEIM



stordnytt.no

Helsa med dampfløyta gjennom Sunnhordland

Nyhende — 18 august 2017



Det store følget som blei med DS «Stord 1» på historisk tokt fredag, kunne ikkje hatt det betre.

Balustradedekket akter, oppe på dampskipet «Stord 1» er ein framifrå stad å vera ein vakker og varm seinsommardag i Sunnhordland. Det kunne dei rundt hundre som blei med på historisk reise fredag skriva under på.

Veteranskipet anno 1913 tok følget med seg frå Leirvik, gjennom Fjelbergsund, Ølen, Etne og til slutt i Skånevik. På alle stader helsa den gamle skuta med dampfløyta. Akkurat denne ruta var stoppestad for båtane i Sunnhordland Snøggrute. Iallfall fram til MS «Sunnhordland» avløyste ruta.

Dei reisande fekk fredag vera med på eit historisk tokt i regi av Stiftelsen D/S Stord, som eig og driv båten. Pensjonistar og medlemmer frå historielag i Nordhordland og Sunnhordland var på passasjerlista, i det som var eit nytt prøveprosjekt. Dagleg leiar Harald Klinge hadde konklusjonen klar før skipet var returnert til Leirvik: Det blir nye turar!



ANDRE NYHENDE



Tek ordforarbenken også til Heiane og Sagvåg
august 21, 2017



Team Sunnhordland til topps
august 20, 2017



112 sykla Stord Rundt
august 20, 2017



Raudt Stord i medvind
august 20, 2017



Endeleg – kyrkjeinngangen luktar nytt
august 19, 2017



Lagar sement av avføring frå fisk
august 18, 2017



Rundkøyning i Snickersvingen i oktober

august 18, 2017



Singelslepp for Mukti

august 17, 2017



Turbinane vel plasserte på Buchan Deep

august 16, 2017



Krev fortgang i Hordfast-prosjektet

august 15, 2017



Studiestart på Høgskulen på Vestlandet

august 14, 2017



– Må godta at ferjefarten går ned – ikkje opp

august 17, 2017



Må vurdere kringsgrensene i Stord på nytt

august 16, 2017



Maria Parr og Anna Fiske til årets barnebokfest på Stord

august 16, 2017



Røyra som gav tjødno namnet

august 15, 2017

LEGG TIL ARRANGEMENT +



Tys 22.8

Temakvinnor

ARRANGØR: Kreftforening



Ons 23.8

Gratis forelesning

ARRANGØR: Bømløkk



Tor 24.8

Quiz på Sagvåg

ARRANGØR: Sagvåg

[Sjå fleire lokale arrangement](#)

KORT SAGT

Stort o-løp i havgapet i Sveio



Langt over 100 orienteringsløparar vil lørdag 26. August besøkje den vesle, idylliske grenda Lyngholm i Sveio. Her vil løparane møte eit ope og småkupert kystlandskap som er dekorert med fargerik, lyng, myrull og mange blinkande små vatn og dammar. Eit fasinierende landskap kor o-postane kan vera plasserte veldig nær det opne havet på Sletta.

Sveio Orienteringslag har vald denne arenaen for årets kretsmesterskap i mellomdistanseorientering. Løypene er prega av mange postar der løparane ofte må bu seg på navigasjon i ei ny retning. Men arrangøren har samtidig laga eit breidt tilbod av løyper med ulik lengd og vanskegrad. Dei kortaste og enklaste løypene høver for dei som ikkje har erfaring frå o-idretten tidlegare.

Samtale om menneskeverd

Stord KrF og Norsk forbund for utviklingshemmede inviterer til ein viktig samtale rundt menneskeverd og sortering, torsdag 24. august kl 1900 på HVL, Rommetveit. Forfattaren av den nye boka «Uønsket – Mennesket i sorteringens tid», Erik Lunde, kjem for å halda eit kort foredrag. Deretter deltek han, saman med Gaute Epland, Geir Tore Søreide og Kari Fjugstad Giske, i ein samtale rundt desse tema. Me håpar også å kunna involvera publikum i denne samtalen. Me håpar mange, både studentar og andre interesserte, ønskjer å få med seg denne kvelden. Dette er tema som vil ha stor innverknad på samfunnet vårt framover!

Norsk forbund for utviklingshemmede

Stord KrF

I påverka tilstand

Frå politiloggen måndag morgon: – Melding om uaktsam kjøring på Stord. Bil stansa av politiet. Meld for kjøring utan førarkort og i påverka tilstand. Provar tatt.

Plukk opp skiten!

(0) READERS COMMENTS

Comments are closed.



Midt på dagen, fredag, kom våre utegående reporter over dette i Osen, midt på Leirvik. Det er ille nok når hundeeigarar ikkje plukkar opp skiten ute i naturen – eller berre slenger frå seg plastposen med skit, men endå verre er det når ein let det liggja, slik som dette, i eit område der mange ferdast.

– Plukk opp! er vår oppmoding.

Treng påfyll straks!



Ei grøft over RV544 i Sæ, treng sårt påfyll av både grus og asfalt for ikkje å bli eit slaghol av dimensjonar. Vonleg er «rette instans» snart på plass med rette fyllstoffet.

Klare til henting



Naturen har det travelt med å levera varene sine for tida. Eine bæret overtek etter det andre – og for tida er det tyttebæra som er klare til henting på ein skogsteig nær deg. Nokre år gamalt hogstfelt pleier vera sikker tyttebærplass. God tur.

Plagsam høg musikk

Vakthavande på Sør-Vest sentralen skriv i loggen søndag morgon at det i løpet av natta er motteke mange klagar på høg musikk i heile distriktet. Politipatruljane har ikkje hatt kapasitet til å oppsøkja alle adresser for å be om at volumet blir skrudd ned.

Sett i drukkenskapsarresten

Ved halv to tida natt til søndag fekk politiet melding fra utestad i Sagvåg om krakilsk mann. Vedkomande hadde truga vakter på staden og køyrd moped med promille. Nødvendige prøver blei tatt før mannen vart sett i drukkenskapsarresten.

Ei bekymringsmelding til politiet om rusa person som gjekk land E39 i 80-sona ved Ådland, fekk politiet til å rykka ut og tilby mannen skyss heim.

Temakafe tysdag

22. august vert det temakafe for kreftåra og pårørande på Rehabiliteringssenteret (1800). Denne gongen blir det innslag med Bjørn Angell Berg: «Det ukjende livet ved Leirvik fyr» fortalt med bilder og historie». Temakafeen er til for krefttrauma, pårørande og etterlatne, der ein tar opp kreftrelaterte tema og byr på ulike kulturelle innslag. Kom innom for ein kopp kaffi og ein matbit, og hyggeleg samtale med andre som har erfaringar med kreft. Tilbodet er gratis og krev inga påmelding, velkomen!

Helle AS kjøper Elecon AS

– Det er tradisjonsrike bedrifter med lang erfaring som no vil bli totalleverandør av tekniske fag for heile Sunnhordland, opplyser Christer V. Notland. Han tar over som dagleg leiar for selskapa, og kjøper 45 prosent av aksjane frå Arne Helle i Helle AS. Rørleggarbedrifta på Svortland blei starta for over 50 år sidan, og har i dag 18 tilsette og ein omsetnad på kring 25 millionar kroner. Jarle Neset, Halvor Øvrevik og LOS Elektro sel seg ut av Elecon, men Neset og Øvrevik blir med framleis. Selskapet i Kunnskapshuset på Leirvik har 22 tilsette og ein omsetnad på kring 20 millionar.

– Me vil halda fram med det me er gode på, men ser at det er vil vera bra for selskapa å kunne satsa på det tverrfaglege, seier Jarle Neset. Alle tilsette i dei to bedriftene blir med vidare, inkludert dei fem lærlingane dei har.

– Me ser for oss at me vil ha trong for å utvida arbeidsstokken. Me er på jakt etter dyktige fagfolk innanfor alle fag, skriv Christer V. Notland i ei pressemelding.

ARKIV

Arkiv Vel månad

STORDNYTT.NO

Journalist:

Steinar Hystad
steinar@stordnytt.no
950 31 154

KONTAKT OSS

Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med oss på ein av desse e-post-adressene:

nettnytt@stordnytt.no

annonser@stordnytt.no

